



Hans Ordin og Britt Iren Østebø underviser i Gamleskolen i kveld. Selma Eik og Vigdis Marie Monsen er elevar (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kan eg få senda eit brev til deg?

Dette var det dominerande spørsmål i Gamleskolen ikveld då Uskedalen Utvikling avvikla kurskveld nummer 3 i seniorsurfen. Det vart ein svært matnyttig kveld der det var livleg utveksling av brev mellom borda. Av ein eller annan grunn møtte det berre 12 denne gongen medan det var 17-18 dei to første kveldane. Men når sant skal seiast var vel framført gunstig pedagogisk sett.

- Hugs at det ikkje er nokon angrefrist. Når ein har trykt på SEND-knappen er brevet på nettet og det går ikkje an å kalla det attende, sa Hans Ordin Østebø som er lærar for kurset saman med kona Britt Iren.

Agendaen hadde tre hovudknaggar:

- * Ulike måtar å lese e-post på
- * Korleis sende og motta e-post
- * Korleis sende og motta e-post med vedlegg.

Det er mange metodar for sending og mottak, men i denne skuletimen var det konsentrasjon om 2. Anten kan e-posten lesast i nettlesar eller lastast ned på pc-en med eit e-postprogram.

Læraren anbefalte det siste då han vart forelagt dette spørsmålet: Kvifor forsvinn vedlegget frå tid til annan når det er undervegs? Det var eit problem han kjente godt til.

Neste onsdag er det også eit matnyttig tema. Då er overføring av bilete frå kamera til pc-en i fokus.

Av Ola Matti Mathisen



Kjente Uskedalprofilar på skulebenken att: Arnhild Myklebust, Leon Gundersen og Birger Myklebust (Foto: OlaMatti Mathisen)